

BACHELOROPPGÅVE

Er det lønnsamt å starte eit gatekjøkken i Sogndal?

av

Salam Jari (24)

Lasse Refsdal (15)

Is it profitable to start a fast food restaurant in Sogndal?

Økonomi Og Administrasjon

KA692

Mai 2012



Summary:

In this bachelor thesis we have looked at the startup and profitability of a small business in a small town, we will be looking at the financial advantages and drawbacks in our case-study concerning the startup of a fast-food restaurant in the center of Sogndal.

During our thesis we've had interviews with Sparebanken Vest and the owner of Abbas Inn which is a fast food restaurant in Førde, to collect necessary information which we couldn't acquire from Statistisk Sentralbyrå so that we may use micro-economical models to show the effect of a new establishing of a business in a monopoly controlled market turning into a Nash – Cournot duopoly.

On the basis of the data we got from our micro-economic calculations and models we proceeded to make a financial statement of our case business, which we will use as a budget for the first year and use the surplus profits from this in our profitability analysis.

One problem we encountered when making the financial statement was that we had to create some of the cost values ourselves based upon our interviews and other information we could acquire, since we have a case study we couldn't gain access to the prices of suppliers when we contacted them on several of our variable and set costs.

To find the equity-capital beta for our business we used the stock beta of the Orkla company and calculated their income beta, and we set our own firms income beta as equal to theirs so we could use the finance models to calculate our own equity-capital beta.

The data for these beta value calculations we found at the Oslo stock exchange and we used the main stock market index and Orkla stock statistics for one year.

With this information we could find the required return rate which we use in our present value and internal rate of return calculations by using the capital pricing asset model.

When we had calculated the present value and internal rate of return we got values that were unusually positive which is a result of our created costs and income which is off since we haven't been able to get all our required information from the suppliers, since this is a case study.

Samandrag

I denne oppgåva har me sett på oppstarting og lønnsenda ved å starte ei lita bedrift i ein distrikts plass, me skal belyse finansielle fordelar og ulemper ved ei oppstarting ved å sjå på fordelane og ulempene i eit case-studie rundt opprettinga av eit gatekjøkken i Sogndal sentrum.

Me har hatt intervju med Sparebanken Vest og Abbas Inn som er eit gatekjøkken i Førde for å skaffe nødvendig informasjon me ikkje kunne hente frå Statistisk Sentralbyrå slik at me kan nytte mikro - økonomiske modellar for å vise effekten av at eit nytt føretak kjem inn i ein monopolmarknad, som då går over til eit Nash - Cournot duopol.

Ved hjelp av dei data me fekk ut frå mikro-utrekningane våre sette me opp eit fiktivt rekneskap som me nyttar som eit budsjett i oppgåva vår, og utbytte av overskotet til bedrifta blir då kontantstraumane i lønnsmdskalkylane våre.

Problemet me støytte på ved utforminga av rekneskapen var at me måtte operere med nokon fiktive tal, sidan me ikkje fekk tilgang til prisane til leverandørar og kostnadane for anleggsmiddel fordi me ikkje har ei reell bedrift og fekk derfor ikkje prisanslag på varekostnader og renta på lånet hjå dei leverandørane me kontakta om dette.

For å finne eigenkapitalbetaen til vår bedrift måtte me nytte aksjebetaen til Orkla og rekne oss fram til beta inntekt som me sette som same inntektsbeta for vår bedrift, data for desse utrekningane fekk me frå Oslo Børs ved å sjå på aksjekursen til hovudbørsindeksen og aksjekursen til Orkla for ein periode på 1 år.

Med denne informasjonen kunne me rekne oss fram til avkastningskravet for prosjektet vårt ved bruk av kapitalverdimodellen som er nødvendig for lønsemenskalkylane me har.

Då me rekna ut noverdien og internrenta fekk me unormalt lønnsame resultat som viser til dei fiktive inntektene og kostnadene som me måtte bestemme oss for, dessverre er det svært lite me kunne gjere med dette sidan dette kunn er ei case oppgåve som sperra oss frå å innhente noko av den nødvendige datamengda me trengde.

Forord

Denne oppgåve er skreve som ein avsluttande del av bachelorstudie i Økonomi og Administrasjon ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Me skal utgreie om fordelar og ulempa med å drive eit mindre bedrift i tettstad. Grunnen at me skrive om denne type oppgåve er at me syns at det er aktuelt for oss som bur i tettstad og kunne tenkt at me skal starta ein verksemd i framtida som opp halde seg i ein sånn type område. Det er relativt utkjent og det er lite som er skreve om det. Det har vært krevjande å finne artiklar og kjelder til denne oppgåve.

Ved å studere eit tilfelle som var så aktuelt fekk me moglegheita til å relatere detta tilfelle til teorien som me har lært her på høgskulen.

Innhenting av kapital

Me har vert å snakka med Sparebank Vest (SPV) om investering i vårt prosjekt og kva krav hadde dei til å finansiere vårt prosjekt. Formelle ting som bedrifts konto, oppstartsbalanse, pant, kopi av stiftelses papir og eventuelt kausjonist er noko som dei meinte at det måtte vera på plass før me vart finansiert.

Intervju med Andreas Vilnes, eigaren av Abbas Inn

Me hadde eit intervju med Andreas Vilnes og fekk der mykje nyttig informasjon og data som me fekk bruk for i oppgåva vår, som til dømes inntak av varer i månaden, omsetning og tal kundar per dag.

Me takkar vår vegledar Atanu K. Nath, og læraren Torbjørn Åretun for hjelp og guiding gjennom vår bachelor oppgåve.

Innhold

1. Introduksjon.....	6
1.2 Problemstilling:	7
1.2.1 Suksessfaktorar.....	7
2. Teoretisk rammeverk.....	8
2.1 Mikro- og marknadsøkonomi	10
2.2. Mikro-økonomi.....	11
2.2.1 Etterspurnadsfunksjonen.....	11
2.2.2 Priselastisitet	12
2.2.3 Kostnadsfunksjonane	12
2.2.4 Monopolistens tilpassing	13
2.2.5 Føresetnader for Nash-Cournot modellen	13
2.2.6 Konsekvensar av Nash-Cournot:.....	14
2.3 Finansregnskap:.....	16
2.3.1 Analyse av regnskapet:	17
2.3.2 Likviditet:	17
2.3.3 Soliditet:.....	18
2.3.4 God rekneskapsføringsskikk	18
2.4 Investering og Finansiering	20
2.4.1 Aksjebeta:.....	20
2.4.2 Kapitalverdimodellen	21
2.4.3 Lønsemdsanalyse	22
2.4.4 Noverdi:.....	23
2.4.5 Internrenta	24
3. Datainnsamling og Metode.....	25
4. Undersøkingprosessen.....	26
5. Presentasjon av data.....	28
6. Analyse.....	29
6.1 Mikro Økonomi	29
6.1.1 Etterspurnad	29
6.2 Kostnadsfunksjonane:	32
6.3 Monopolistisk tilpassing.....	34
6.4 Overgang til Nash-Cournot.....	34
6.5 Nash-Cournot likevekt	37
6.6 Oppsummering av Nash-Cournot likevekt:	38
6.7 Finansrekneskap:	38

6.8 Analyse av rekneskap:	42
6.9 Kontantstraumanalyse:.....	43
6.10 Avstemming forklaring	48
6.11 Finansiering og investering.....	49
6.11.1 Aksjebeta.....	49
6.12 Kapitalverdimodellen	51
6.13 Noverdi og Internrente.....	52
6.13.1 Noverdi:.....	52
6.13.2 Internrenta:.....	53
7. Avslutning og konklusjon	53
8. Kjelde og litteraturliste:.....	56
9. Vedlegg	57

1. Introduksjon

Målet med bacheloroppgåva vår er å skape ein oversikt som belyser mulighetene og problema ved å starte ei lite føretak i ei bygd, og kva finansielle faktorar som er avgjørande for at bedrifta skal lukkast.

Dette vil me gjere ved å nytte investering og finansieringsteori og mikro-økonomisk teori. For å svare på denne problemstillinga må vi ha ein meir konkret case for å kunne svare på dette på best muleg måte.

Derfor har me valt å lage ei caseoppgåve om oppstart av eit gatekjøkken, me har valt gatekjøkken som eit føretak fordi dette er lett å drive som ei lita bedrift men byr og på ein del utfordringar med tanke på etterspurnad og finansieringskostnader som me kan gi nokon informasjon om ved mikro-økonomiteori og finansieringsteori.

Me vil bruka Sogndal som området der me opprettar gatekjøkkenet vårt sidan me begge er svært kjende med bygda fordi me har bydd her i over 6 år begge to.

Sogndal er ei bygd i Sogn og Fjordane med rundt 7000 innbyggjarar, der 2000 av desse er studentar ved den vidaregåande skulen eller høgskulen, kommunen var og den i regionen med størst folkevekst i 2011.

Bygda er den største i regionen Indre Sogn og på grunn av dette er det fleire av dei som bur i kommunane rundt Sogndal som kjem der for å handle varer dei gjerne ikkje får kjøpt i dei mindre bygdene.

I Sogndal har det tidlegare vert fleire gatekjøkken som har blitt oppretta og lagt ned av varierende grunnar, men som har hatt svært god omsetning og mange kundar.

Caseoppgåva vår vil derfor gi oss informasjon om kvifor det ikkje er nokon former for gatekjøkken som leverer menyar som inneheld anna enn pizza, slik det tidlegare har vert.

Ein skulle tru at det er rom for fleire gatekjøkken her i området, sidan Sogndal er ein av dei plassane i Sogn der det er ei befolkningsauke og ein stor del av denne auken er studentar som gjerne et oftare ute en familiar eller eldre.

Grunna at me har budd og bur i Sogndal har me ein del kjente og venner som over lang tid har vist ein interesse for at det skal komme eit nytt gatekjøkken til bygda, eit godt eksempel på denne interessa er ei Facebook gruppe med rundt 1300 medlemmar som vil ha hamburgarkjeda Burger King til Sogndal.

Det me og her er ute etter er å skape ein oversikt for korleis desse forskjellige teoriområda kan nyttast til å vurdere lønnsmda i eit prosjekt der me har svært lite tidlegare informasjon om oppstartinga av ei lita bedrift i distrikta me kan gå ut ifrå i oppgåva vår.

1.2 Problemstilling:

Er det lønnsamt å starte eit gatekjøkken i Sogndal?

1.2.1 Suksessfaktorar

1) investering og finansieringsbeslutningar:

- Kor mykje skal entreprenøren investere?
- Korleis skal investeringane bli finansiert?

2) Kor gunstig er Sogndal for å starte ei ny bedrift?

- Korleis vil dei etablerte bedriftene tilpasse seg ved danninga av ei ny bedrift?

3) Kva avkastning og fortjeneste vil me ha?

- Forventa pris og kostnadar ved dagleg drift av gatekjøkkenet
- Kva fortjeneste kan me forventa ved investeringa av gatekjøkkenet?

2. Teoretisk rammeverk

For å skape eit bilde av og analysere tilstanden til tilbodet og etterspørselen for rask-mat i Sogndal har me bestemt oss for å nytte finansiering og investeringsteori, grunnen til at me vel dette som hovudteori er at me begge er interesserte i korleis oppstartinga av ei bedrift kan vurderast som lønnsam ved å sjå på finansielle faktorar.

Me vil derfor basere oppgåva på faga finansiering og investering og anvendt finans og nytte mikro-økonomisk økonomiteori og finansrekneskap for å støtte opp under funna me får i investeringskalkylane våre.

Modellane i finansiering og investeringsteorien vil gi oss svara på spørsmål me har rundt lønnsmda ved ei eventuell oppretting av eit gatekjøkken i Sogndal, forholda mellom gjeld og eigenkapital i bedrifta og nokre nøkkeltal som viser bedriftas risiko og fortjeneste i forhold til resten av marknaden i Noreg.

Me vil i oppgåva og gi eit bilde av marknaden gjennom bruken av modellane i mikro-økonomisk teori som viser korleis den tidlige bedrifta tilpassar seg sin monopol marknad og korleis effekten på sal og prisar blir når han får ei konkurrerende bedrift på marknaden.

Mikro-økonomien vil gi oss ei rekkje data som me skal nytte i oppsettinga av kontantstraumane til vår case-bedrift og finansrekneskapet til dette føretaket.

Me vil ut ifrå dei data me kan få frå mikro-økonomi modellane og dei investeringskostnadane me finn sette opp eit rekneskap for første året til bedrifta, grunnen til dette er at ein av oss må ha nok fagstoff om finansrekneskap i oppgåva til å bli godkjent rekneskapsførar.

Rekneskapet skal me behandle som eit budsjett for første året i oppgåva fordi dette gir oss verdifull data me treng i lønnsmdskalkylane vår i finansiering og investeringsmodellane våre.

Tidlegare har det vort eit Big Bite gatekjøkken her i Sogndal, dette gjekk med store overskot men måtte legge ned grunna administrative problem.

Etter dette har ikkje Sogndal hatt noko form for gatekjøkken utanom Pizzabakeren og Dolly, som berre leverer pizza.

Me har derfor valt å skrive oppgåva vår rundt det å starte opp eit nytta gatekjøkken i Sogndal sentrum sidan markedet her er svært lett å komme inn i for eit føretak av denne typen viss det fokuserast på andre rask-mat variantar enn pizza.

Konkurransen er svak dermed med tanke på andre type rask-mat enn pizza.

Me har også valt dette tema på grunn av at me har eit godt personleg kjennskap til marknaden og etterspørselen i Sogndal. Vi la merke til også at det var mange medlemmar av ein Facebook gruppe som støttar rask-mat kjede Burger King (ref: <http://on.fb.me/hlka4Y>. Må vera pålogga på Facebook) for å etablere seg i Sogndal.


Kunde segmentet blir ungdommar og studentar, så me tenkjer at bedriftas profil blir tilpassa for yngre.

Me skal snakke om kor mykje bør bedrifta investere, kva investeringsobjekta skal veljast, korleis skal investeringane finansierast og korleis skal arbeidskapitalen styrast.

2.1 Mikro- og marknadsøkonomi

Mikro-økonomi er ganske sentral i denne oppgåve, og me skal samanlikna bedrifta med andre bedrifta i nærleiken. Me skal nytte aksje B verdi for ikkje børsnoterte selskap mot børsnoterte selskap for å finne konjunktur svingingar for bedriftas inntekt samanlikna med eit gjennomsnittsbedrift, og eventuelt finna ut avkastningskravet for bedrifta basert på konjunktur svingingar. Og pris nivå ved hjelp av SSB indeks for pris elasticitet i Sogndal og bruke Cournot-duopol. Bruk av knappe ressursar til å dekke menneskes ulike behov, det er det mikro handlar om. Temaet går ut på å studera korleis ressursbruken i samfunnet faktisk er i relasjon til menneskes behov og korleis ressursane burde brukast til å dekkja menneskenes behov best muleg.

Kopling mellom ressursar og samfunnets behov:



(“Mikro- og markedsøkonomi” S.21 av Vidar Ringstad 2005)

2.2. Mikro-økonomi

Me føreset at det eksisterande føretaket som leverer pizza er hovedkonkurrenten vår i marknaden, me vil derfor framstille eit bilde av ein monopolmarknad og vise korleis dette endrar seg til eit Nash-Cournot Duopol.

Nash-Cournot er definert som ein situasjon der inga av aktørane har noko incitament til å endra tilpassing. Cournot modellen passar best i situasjonar der verksenda ikkje er vesentleg forskjellige i størrelse og økonomisk styrke.

Cournot “konkurranse” blei ofte brukt til å beskrive ein næringsstruktur der verksemda konkurrera på mengde av produksjon dei vil produsere som dei bestemmer seg uavhengig av kvarandre.

2.2.1 Etterspurnadsfunksjonen

Me definerte etterspurnadsfunksjonen på følgjande måte:

Ein enkel og generell funksjon består av ein variabel og konstant.

$$p = Y + C$$

Bokstaven “p” representera etterspørsel.

Variabelen Y i dette tilfelle er stigningstalet og konstantleddet C er starten av kurva i Y-aksen.

For at me skal kunne finne ut etterspurnadsfunksjonen, må me finna priselastisiteten først slik at me får 2 punkt og kan teikne ein graf som utifrå me kan finne etterspurnadsfunksjonen.

For å finna ut priselastisiteten, må me finna den naturlige logaritmen av X, P og I, deretter føretar me ein regresjonsanalyse der LN X er den uavhengige variabelen og LN P og LN I er den avhengige variabelen.

Ein måte å kontrollera dette på at koeffisienten X-variabel 1 som me får i regresjonsanalysen er rett er at den skal vera negativ slik at når bedrifta auka pris, så søkkje etterspurnad etter produktet. Viss koeffisienten X-variabel 1 er positiv så blir det motsett og det er noko som er feil.

Me fann **P** ved å sjå på prisindeks for førstegongsomsetning innanlands og såg på matvarer og levande dyr.

I er bruttonasjonalprodukt

X er konsum i hus holdningar, Matvarer og alkoholfrie drikkevara.

Formlane og modellen fann me i boka:

“Mikro – og markedsøkonomi” side 133, av Vidar Ringstad 2005.

2.2.2 Priselastisitet

Priselastisitet er eit målestokk og det gir eit uttrykk for kor mange prosent etterspurnaden endrar seg dersom prisen endrar seg me ein prosent. Med andre ord kva verknad ein endring har i den totale mengda seld vare.

- Elastisk etterspurnad: når prisen søkkje med ein prosent føra til ein auking i marknaden etterspurnad med meir enn ein prosent. (priselastisitet < -1)
- Uelastisk etterspurnad: når prisen auka på ein vare får liten verknad på den total etterspurnad mengde. (priselastisitet > -1)
- Nøytralelastisk: dette oppstår når ein prisnedgang på ein prosent førar til akkurat ein prosent auke i etterspurnad mengde. (priselastisitet $= -1$)

“Mikro – og markedsøkonomi” av Vidar Ringstad 2005.

2.2.3 Kostnadsfunksjonane

Me må finna ut kostnadsfunksjon for å kunne finna likevekta som blir i marknaden.

Ein generell kostnadsfunksjon består av variable kostnader gonge tal vare pluss fastekostnader.

$$k(x) = b \cdot x + C$$

For finne ut b i formelen om kostnadsfunksjonar må me finna ut kor mykje variable kostnader stiger ved produksjon av 100 ekstra hamburgarar. $\Delta 100H \cdot (\text{varekostnad} + \text{straum})$

Det talet som me får då er det derivert av b.

Fastekostnader C finne me ut når me summera kostnader som er uavhengig av kor mykje bedrifta produsera og må betalast uansett. Me skal føresett fastekostnader seinare i oppgåve under presentasjon av data.

Henta frå: "Mikro – og markedsøkonomi" side 81 av Vidar Ringstad 2005.

2.2.4 Monopolistens tilpassing

Eit monopol oppstår når kunn ei bedrift eller ein person er den einaste leverandøren på ei vare eller teneste i ein marknad.

Dette vil seie at denne bedrifta vanlegvis tilpassar sine prisar og produksjon for å maksimere profitten sin.

Det vanlege er at monopolisten produsera færre varer og tek ein høgare pris enn det dei ville ha mogelegheit til viss dei hadde hatt andre konkurransedyktige bedrifter i marknaden, men sidan monopolisten har marknaden for seg sjølv kan han justere pris og seld kvantum slik det passar.

Monopolbedrifter tilpassar seg ved å setje grenseinntekt lik grensekostnad.

Tilpassinga til ei monopolbedrift får ein ved:

Seld kvantum finn ein ved å finne x :

$$i' \Rightarrow (p * x)' = k'$$

Pris på vara finn ein ved å finne p .

"Mikro – og markedsøkonomi" side 208, av Vidar Ringstad 2005

2.2.5 Føresetnader for Nash-Cournot modellen

Denne type næringsstruktur har visse reglar for at det skal fungere som:

- Det er meir enn eit verksemd som produsera ein homogen produkt, dvs. det er ingen produkt differensiering.
- Verksemda samarbeida ikkje, dvs. det er ingen konspirasjon.
- Verksenda har marknadsmakt, dvs. kva verksemdsproduksjon påverkar produktets pris.
- talet verksemder er fast

- verksemda konkurrera gjennom produkt mengde, og velja mengde samtidig.
- Føretaka er økonomisk rasjonelle og handla strategisk, vanlegvis søkja etter profitt maksimering gitt sine konkurrentars slutningar.

Formel for Nash Cournot likevekt:

Her presentera me ein funksjon for 2 duopol verksemd:

$P_1 = \text{verksemd nr 1 pris}, P_2 = \text{verksemd nr 2 pris}$

$x_1 = \text{verksemd nr 1 mengde}, x_2 = \text{verksemd nr 2 mengde}$

Prisane vil vera $P_1 = P_2 = P(x_1 + x_2)$

“Mikro – og markedsøkonomi” side 233, av Vidar Ringstad 2005

2.2.6 Konsekvensar av Nash-Cournot:

- Produksjon er større med Nash-Cournot enn monopol, men lågare enn fullkommen konkurranse.
- Prisen er lågare med Nash-Cournot enn monopol, men ikkje so lågt som med fullkommen konkurranse.
- Som følgje av denne type marknadsmodell, har verksemda tendens til å danna seg eit kartell sjølv om det er ulovleg.

Me skal vise korleis oppstartinga av vår bedrift vil påverke marknaden for rask-mat i Sogndal. For å gjere dette lagar me ei oversikt som viser den tidlegare monopol bedrifta sin marknad, for å gjennomføre dette må me framstille ein kostnadsfunksjon for denne bedrifta og ein etterspurnadsfunksjon for marknaden i Sogndal.

For å framstille ein kostnadsfunksjon for bedrifta har me føresett ei rekke kostnader ut ifrå vårt intervju med eigaren av Abbas Inn når det gjelder bruttoforteneste og pris på “ein vanleg medium stor hamburgar med tilbehør” som me nyttar som den eine salsvara i bedrifta, sidan avgrensinga til ei monopol/duopol-framstilling krev at me kunn nyttar ei vare i utrekningane våre.

Kostnadsfunksjonen er ein funksjon som forklarar oss dei faste og variable kostnadane som inngår i produksjonen til bedrifta vår.

For å komme fram til ein etterspurnadsfunksjon har me nytta data frå statistisk sentralbyrå sine nettsider og samla statistikk frå år 2000 til og med 2011 som påverkar kundegruppas kjøpevilje ovanfor vårt produkt, me har nytta data frå ssb.no for å formulere etterspurnadsfunksjonen vår.

Grunnen til at me ikkje har med ufullstendig statistikk frå 2012 er at data me operer med er årlige data og ikkje kvartalsvise data.

Det første me må kunne seie noko om er kor mykje personar kjøper av daglegvarekonsum kvart år, dette viser oss forbruket til kundane våre.

Det andre me treng er prisutviklinga til vår vare som viser oss korleis kjøpekrafta til kundane står i forhold til prisenivået me har i dag.

Den tredje informasjonen me må ha er brutto nasjonal produkt som me her nyttar til å belyse kundane sin evne til å kjøpe varer og tenester.

Grunnen til at me nyttar statistikk over konsum av matvarer er at dette er det som er mest samanliknbart med produkta som blir produsert i eit gatekjøkken som pizza, hamburgerar ol.

2.2.7 Overgang til Nash-Cournot

Nash-Cournot duopol tilpassa seg ved grenseinntekt er lik grensekostnads og $x = x_1 + x_2$.

Reaksjonsfunksjonane

For å vise korleis bedriftene tilpassa eit Nash-Cournot likevekt punkt, reknar me ut reaksjonsfunksjonen til kvar av bedriftene. Dette visar seld kvantum for kvar av bedriftene med utgangspunkt i grensekostnadsfunksjonen.

Formelen for reaksjonsfunksjonen er:

$$X_i = \frac{b - b_i}{a_i + 2a} x_j$$

Symbolforklaring:

X_i = kvantum som bedrift i produsera.

b = konstantledd i etterspørselfunksjonen.

b_i = konstantledd i grensekostnadsfunksjonen.

x_j = kvantum som bedrift j produsera.

a_i = stigningstal grensekostnadane bedrift i

a = stigningstalet til etterspørselskurven.

Når me lagar tabell seinare i oppgåve så finn me i R_1 kva X_2 blir når X_1 er 0 og det motsette.

Det same gjere me i R_2 .

2.3 Finansregnskap:

Her skal me bruka Visma Avendo og Maestro til å lage eit rekneskap for Sogndal gatekjøkken no etter me har rekna oss gjennom Mikro for å finne likevekt.

Me skal etablera bedrifta vårt, og dermed me trengje å sende ferdigfylt stiftelsesdokument.

For å stifte eit aksjeselskap er det ulike krav som må vera oppfylt, jf. aksjelova §2-2. Dette går på namnet til føretaket, prisen på aksjane, talet aksjar, skattekommune o.l.

§11 Fristen for innbetaling av aksjekapital skal fastsetjast i stiftelsesdokument, og fristen kan ikkje vera seinare enn tidspunktet det blir meldt inn til Føretaksregisteret, jf. Aksjelova § 2-11.

I bokføringslova § 4-1 står det at det skal vera eit oversikteleg og kontrollerbart rekneskapssystem.

Me skal finna årleg omsetning og setja opp eit rekneskap for representera budsjett og målsetting for vår bedrift. Me bruka Visma Avendo Økonomi 40 for bilag føring og Maestro for årsoppgjør disposisjonar og likningspapir.

I forskrift til bokføringslova § 5-1-1 står det om salsdokumentets innhald. Utgåande faktura skal innehalda namn på kjøpar og seljar, fakturadato, organisasjonsnummer med bokstavane MVA bak. Dei skal og vera nummererte. Her er det viktig at det ikkje er hol i nummerserien. Viss det er ein utgåande faktura som er feilskriven, skal den likevel bokførast, eventuelt kreditnota.

Stiftelseskostnadar skal ikkje behandlast verken rekneskapsmessig eller skattemessig. Me har fyrst ført det mot overkursfond i balansen, deretter ført faktura frå Brønnøysund mot overkursfond. Dette går då i 0. Det vil seie at dei ikkje får utgiftsført noko heller. Me føreset at faktura dato er same som leveringsdato.

For å vera realistisk mest muleg, så nyttar me mest muleg Abas Inn intervju.

2.3.1 Analyse av regnskapet:

Rekneskapsanalyseteorien fokusera på rentabilitet og finansiell struktur. Finansiell struktur i rekneskapet kan seie noko om risikoen til selskapet.

Det er nyttig å analysera rekneskapet me felles målestokk, f.eks. alle resultat postar i prosent av driftsinntekt, alle balansepostar i prosent av balansesummen, deretter kan man sjå etter unormale prosentvise endringar som ikkje henger saman eks. auka varekostnad utan at salsinntekta har auka vesentleg.

Me kan ikkje rekna ut eigenkapitalrentabilitet eller totalkapitalrentabilitet sidan den krevje gjennomsnittleg eigenkapital, det vil sei at me må ha rekneskap for fleire år for å kunne utføra det.

Me kan fortsatt finna ut likviditet og soliditet

2.3.2 Likviditet:

Det mest brukte forholdstall for å vurdere bedriftas si likviditetmessig stilling er likviditetsgrad 1 og likviditetsgrad 2

$$\text{Likviditetsgrad 1} = \frac{\text{Omløpsmidlar}}{\text{kortsiktig gjeld}} \text{ og } \frac{\text{mest likvide omløpsmidlar}}{\text{kortsiktig gjeld}}$$

Likviditetsgrad er ein indikator på kor mykje selskapet reknar med å få innbetalt(utbetalt) i kommande periode. likviditetsgrad 1 og 2 bør vera større enn 1, betyr det at verksemda forventar større kontantstraum innbetalt enn utbetalt. Det vil sei at omløpsmidla bør vera minst like store som kortsiktig gjeld.

2.3.3 Soliditet:

soliditet fortel oss kor godt verksemda kan tola tap og sin evna til å klara overleva viss for eksempel finanskrisa oppstår.

$$\text{Gjeldsgrad} = \frac{\text{gjeld}}{\text{eigenkapital}}$$

Denne fortel oss korleis eigenkapital er finansiert. Gjeldgraden visar oss kor mange kroner det er i gjeld pr. krone i eigenkapital.

$$\text{Eigenkapitalprosenten} = \frac{\text{eigenkapital} \cdot 100}{\text{totalkapital}}$$

Eigenkapitalprosenten fortel oss kor stor del av eigendelane er finansiert med eigenkapital. Den visar og kor mykje verdien av eigendelane kan søkkja for kreditorane sitt krav kjem i fare. Til større forholdstalet er, til betre solid er verksemda økonomisk.

2.3.4 God rekneskapsføringsskikk

Me har ført rekneskap innanfor følgjande oppdragsområde

- God rekneskapsførarskikk (GRFS 0) – allment om rekneskapsoppdrag
- GRFS 1 – Bokføring og årsoppgjer.
- GRFS 2 – Lønn
- GRFS 3 – fakturering

Dessa standardar her blir utarbeida i fellesskap av NARF(Norges Autoriserte Regnskapsføreres Foreining) og Økonomiforbundet.

- Grfs 0 inneheld blant anna krav til intern kontroll i rekneskapsførarverksemd og føresett for oppdrag som rekneskapsførarverksemd kan påta seg med tilstrekkeleg kompetanse. Det er veldig viktig at dokumenta er sporbart.
- Grfs 1 skal gi uttrykk for kva som er god praksis i bokføring årsoppgjer. Her skal god rekneskapsførings- og god bokføringsskikk er sentral og skal følgja loven(for eksempel billags serien er samanhengande). Rekneskapsføraren må foreta ein risiko vurdering av innrettinga hjå kunden og gi retningslinjer. Rekneskapsføraren må og tilfredsstillast dokumentasjonskrav som er bestemt i lovar og forskrifta.

Det står fast her og at brot på bokførings-, rekneskaps-, skatte- og avgiftslovgjevinga som rekneskapsfører kjem over, alltid skal tas opp skriftleg med oppdragsgjevar.

- Grfs 2 gir retningslinjer for rekneskapsføringsskikk på oppdragsområdet for lønnsoppdrag.

Med lønnsoppdrag meina me at me har registra lønnsgrunnlag, utarbeida dokumentasjon for utbetaling av lønn, feriepengar, trekk for skal gjerast.

He har ført lønn for 4 fulltidsstilling ansatte på 20 000 kr brutto i 2012 i rekneskapet.

I tillegg har me ført lønn for ein ekstra tilsett for dei første 6 månader for administrasjon i oppstartsfasen på 23 333kr brutto.

- Grfs 3 denne standarden gir retningslinjer for god rekneskapsførersskikk på oppdragsområdet for fakturering.
med faktureringsoppdrag meinas det i denne standarden fakturering på vegne av oppdragsgjevar, der fakturaen utarbeidas i oppdragsgjevars namn.

GRS for små verksemd (NRS 8)

Her har me følgd definisjon av små verksemd som seie at bedrifta skal ha mindre enn 70 millionar kr i salsinntekt og 35 millionar kr i balansesum, i tillegg til gjennomsnittleg tal ansatte i rekneskapsåret; 50 årsverk. jf. Regneskapsloven § 1-6.

Skattemessige avskrivningar:

Når vi hadde vårt rekneskapet i Maestro, så valte me å avskrive inventaret som er i balansen på følgjande måte:

- Saldo avskrivningar
- Saldo gruppe D som har avskrivingsprosent på 20 pr. år.

Vi mista det vi oppretta i Maestro grunna tekniske problema. Derfor me kan ikkje henta den skattemessige rekneskapet.

www.regjeringen.no , www.narf.no og www.lovdatabasen.no (01.05.12)

2.4 Investering og Finansiering

2.4.1 Aksjebeta:

Me skal nytte eigenkapitalbetaen for å finne avkastningskravet til dei seinare utrekningane våre for Noverdi og Internrente som viser om oppstartinga av bedrifta er lønnsam på eit finansielt standpunkt.

For å finne avkastningskravet må me seien noko om risikoen til bedrifta vår, dette gjer me ved å rekne ut eigenkapitalbetaen til bedrifta som me skal nytte i kapitalverdimodellen som gir oss avkastningskravet.

Me nyttar aksje betaen til Orkla for å finne betaen for eigenkapitalen til bedrifta vår, sidan me ikkje har greidd å finne eit børsnotert selskap som driver med drift av gatekjøkken me kan samanlikne oss med.

Selskapet Orkla blir derfor det mest reelle å bruk som samanlikning mot vårt gatekjøkken.

Aksjebeta er den same som betaen for eigenkapitalen til ei bedrift

For å finne aksjebetaen til Orkla må me nytte formelen:

$$\beta_j = \frac{\sigma_j * \rho_{jm}}{\sigma_m}$$

Der:

β_j = Aksjebeta til aksje j.

σ_j = Avkastningas standardavvik.

ρ_{jm} = Korrelasjonskoeffisienten mellom avkastninga til aksje j og marknadsavkastninga.

σ_m^2 = standardavviket til marknadsavkastninga.

Formelen ovanfor er det same som:

$\beta_j = \frac{\sigma_j * \sigma_m * \rho_{jm}}{\sigma_m^2}$ Og sidan $\sigma_j * \sigma_m * \rho_{jm}$ er kovariansen σ_{jm} mellom aksje j og marknaden

kan me utrykke formelen som:

$$\beta_j = \frac{\sigma_{jm}}{\sigma_m^2}$$

Formelen me nyttar for å finne eigenkapitalbetaen for vår bedrift er:

$$\text{Beta EK} = \text{Beta I} + (\text{Beta I} - \text{Beta G}) * (\text{G/EK})$$

Der I = inntekt og G = Gjeld.

For å finne Betaen for G føresett me desse kriteria:

Dersom:

$$\text{G/EK} < 1 \text{ er Beta G} = 0$$

$$1 < \text{G/EK} < 2 \text{ er Beta G} = 0,1$$

$$\text{G/EK} > 2 \text{ er Beta G} = 0,2$$

Grunnen til at me må nytte aksjebetaen til Orkla for å finne eigenkapitalbetaen til vår bedrift er at me ikkje veit Beta I for vår case.

Me føresett då at Beta I er lik for både vår bedrift og Orkla sidan dette er den bedrifta som er mest samanliknbar med vår bedrift.

Henta frå:

“Investering og finansiering” av Ivar Bredesen side 387, 2010

2.4.2 Kapitalverdimodellen

Ideen bak kapitalverdimodellen er at ein investor skal kunne få to ulike kompensasjonar for pengane han investerer, han skal kompenseras for at han låser kapital i eit prosjekt over tid og for risikoen ved å investere i eit «usikkert» prosjekt.

For å kunne identifisere kva som er eit akseptabelt nivå av kompensasjon for desse to moment i ei investering nyttar ein eit avkastningskrav.

For å komme fram til eit avkastningskrav nyttar ein kapitalverdimodellen, som viser forholdet mellom risiko og forventa avkastning for ein investor.

Formelen for kapitalverdimodellen er:

$$r_a = r_f(1 - s) + \beta_a[(r_m - r_f) * (1 - s)]$$

Der:

r_a = Avkastningskravet for a.

r_f = Risiko-fri rente.

β_a = Eigenkapitalbeta eller aksjebeta for prosjektet eller bedrifta.

r_m = Forventa avkastning i marknaden.

s = skatteprosent (1-28 %)

Den risikofrie renta er definert som til 3 måneders statsobligasjonar sidan dette er tilnærma ei sikker investering, fordi staten ikkje har stor nytte av å ikkje betale eigarane av obligasjonane tilbake pengane dei har krav på.

2.4.3 Lønsemdsanalyse

Grunnen til at me nyttar noverdi og internrenta for å undersøkje lønsemda til oppstartinga av eit gatekjøkken er at mesteparten av pengane som blir brukt til oppstartinga kjem frå eigarane og me ser då på investeringa som “eit prosjekt” som me vil starta opp.

Kontantstraumane me brukar kjem frå budsjettet me har laga for første året sidan me ikkje har nokon sikre prosentdelar frå tidligare like prosjekt har me måtte gjera nokon svært grundige undersøkingar innanfor kostnader og andre som me ikkje har kunne finne noko informasjon om har me lyta føresetja.

I vårt tilfelle er ca 20 % av investeringskostnaden finansiert av gjeld, for å kompensere for dette finn me WACC = Weighted Average Cost of Capital.

WACC er ein eit verkemiddel for ein investor eller ei bedrift for å justere avkastningskravet sitt med hensyn på gjeldsandelen i prosjektet.

WACC finn me ved formelen:

$$WACC = x * r_a + y * r_g$$

Der:

X = prosent av investeringskostnaden som er finansiert av egenkapital.

r_a = avkastningskravet til prosjektet.

Y = prosent av prosjektet finansiert av gjeld

r_g = renta på gjelda

2.4.4 Noverdi:

Noverdi er ein metode for å vise om eit prosjekt er lønnsamt ved å ta dei periodiske kontantstraumane og måle dei opp mot investeringskostnadane, avkastningskravet og diskontere kontantstraumane til dagens verdi av framtidige beløp.

Denne metoden gir oss eit absolutt lønnssemkrav som vil seie at viss noverdien er negativ er prosjektet ikkje lønnsamt og ein bør ikkje utføre det.

Sidan me ikkje har noko data utanfor første års budsjett vil me kunn ta noverdi for ein periode på 3 år, sidan det er svært vanskelig for oss å føresetja marknaden sine svingingar og endringane i kostnader for lengre tid i framtida.

Formelen for Noverdi er:

$$NPV = CF_0 + \sum_{t=1}^n \frac{CF_t}{(1+i)^t}$$

Der:

CF_0 = investeringskostnad

CF_t = Kontantstrøm i periode t

t = periode

i = avkastningskrav

Viss:

$NPV \geq 0$ Er prosjektet lønnsamt.

$NPV < 0$ Er prosjektet ikkje lønnsamt.

“Investering og finansiering” av Ivar Bredesen side 118, 2010

2.4.5 Internrenta

Internrenta er definert som den avkastning me oppnår på den kapitalen som til einkvan tid er investert i eit prosjekt.

Den er og definert som den renta som gir ein noverdi lik 0.

Internrenta gir oss eit meir relativt lønnssemsmål i motsetning til noverdimetoden som klart viser om me bør godta eit prosjekt eller forkaste det.

Formelen går ut på at investeringsutgifta skal tilsvara summen av dei årlege kontantstraumane diskontert med internrenta.

Formelen for internrenta er:

$$CF_0 = \sum_{t=1}^n \frac{CF_t}{(1 + irr)^t}$$

Der:

CF_0 = investeringskostnad

CF_t = Kontantstraum i periode t

t = periode

Men sidan me her er ute etter å finne irr og dette er ein andregradslikning kan formelen skrivast slik:

$$(1 + irr) = \frac{CF_t \pm \sqrt{CF_t^2 - 4 * CF_0 * -CF_t}}{2CF_0}$$

Føresetnader for lønnsemd her er:

Viss $irr \geq$ avkastningskravet aksepterer me prosjektet.

Viss $irr <$ avkastningskravet forkastar me prosjektet.

“Investering og finansiering” av Ivar Bredesen side 127, 2010.

3. Datainnsamling og Metode

For å samle inn data må me bestemma oss om kva type undersøkingar me skal utføra. Me har val om å bruka induktiv eller deduktiv datainnsamling, holisme eller individualisme, nærleik eller distanse, ord eller tal.

Induktivt eller deduktivt?

Det første problemet dreier seg om kva type strategi som er best eigna til å få tak på realistisk informasjon. Den første strategien kan me kalla deduktiv, eller “frå teori til empiri”. Noko meina at denne type strategi er best framgangsmåten er å først skapa seg noko forventningar om korleis verkelegheita ser ut, dernest gå ut og samla inn informasjon eller empiri for å sjå om forventningane stemma overeins med verkelegheita.

Holisme eller individualisme?

Denne problemstillinga er knytt til epistemologiske og ontologiske debattar, først og fremst om korleis sosiale fenomena skal forståast. På den eine sidan finnar me dei som meina at individet er den einaste fornuftige analyseining, og at alle fenomena kan forståast ved å sjå på enkelindividets motiver at åtferd.

På den eine måten står dei som meina at individualisme redusera våre evne til å forstå sosiale fenomena.

Nærleik eller distanse?

I forskingsprosessen, prøvar man å minimera eller helst eliminera forskars effekt på det dei studera. Det er objektiv verkelegheit som skal studerast, og denne verkelegheita må ikkje forstyrrast av forskaren. Det idealet er at det skal vera eit skile mellom forskar og det fenomenet som undersøkast.

Den “perfekte” metoden som mange meina er eit opplegg der forskaren ikkje på noko måte lar sjølve forskingsopplegget påverka det han eller hun studera. Denne avstanden mellom forskaren og forskingsobjektet er sentralt.

Ord eller tall?

Det er kontant debatt om kvalitative(ord) og kvantitativ(tall) undersøkings metodar. Kva er det som reflektera realiteten best og kva er det som får fenomenet me undersøkar tydeleg fram slik at me kjem til ein konklusjon som er basert på riktig empiri.

Den kvantitative metoden har som eit grunnleggjande utgangspunkt at den sosiale verkelegheita kan målast i form av tall.

Det klassiske måleinstrumentet for den kvantitative metoden er spørjeskjemaet med forhandsdefinerte svaralternativ. Ein slik metode føresetja at undersøkingsobjektet klarar å definera sin forståeleg av verkelegheita inn i konkrete svaralternativa, som er definert på forhand av ein undersøking.

Den kvalitative metoden er ein metode for innsamling av informasjon der man undersøka kva mening og erfaring har dei som opplever eit fenomen. I staden for kvantitativ (statistikk) metode.

Her har me brukt ein kvalitativ metode med nærleik til å intervju Sparebanken Vest for finansiering sidan det blir vanskeleg å bruka kvantitativ metode for å intervju banker

4. Undersøkingssprosessen

I datainnsamlinga vår har me bestemt oss for å halde to kvalitative intervju som skal nyttast som primærdata som me skal nytte i utrekningane og modellane i case-oppgåva vår.

Det første intervjuet me heldt var med Sparebanken Vest der me ville kartlegge mulighetene for å få lån til eit slikt føretak. *Sjå vedlegg 1*

Her fekk me informasjon om kva som måtte ligge til grunn for at ei bedrift skulle få lån hjå banken.

Det andre sentrale punktet me fekk informasjon om var kor mykje av startkapitalen eigar av bedrifta måtte stille med sjølv, som var minst halvparten av startkapitalen.

All denne informasjonen var gitt på generell basis om lån til bedrifter og me må her anta at dette kan vere forskjellig frå realiteten sidan me kunn har ei caseoppgåve å gå ut ifrå og ikkje kunne få eit reelt tilbod om lån til ei bedrift, grunna konkurranse mellom bankane.

Det andre intervjuet me hadde var med Andreas Vilnes som er eigar Abbas Inn i Førde, her ville me få informasjon om kostnader og inntekter ved den daglege drifta av eit gatekjøkken. Den meste av informasjonen me fekk frå dette intervjuet gav oss data me nytta i utrekninga av dei mikro-økonomiske modellane våre, me fekk svært nyttig informasjon om dei variable kostnadane og deler av dei faste kostnadane.

Me fekk her dessverre ikkje informasjon om innkjøpsprisar for dei ulike varene i gatekjøkkenbransjen men me fekk svært god informasjon om kor mange som handla på gatekjøkkenet på ein dagleg basis.

Dette gav oss moglegheit til å gi meir nøyaktige kostnadsfunksjonar og sette føresetnader for etterspurnadsfunksjonen vår.

I tillegg til desse to intervjuane me har hatt har me nytta sekunderdata frå Statistisk Sentralbyrå i formuleringa av etterspurnadsfunksjonen til marknaden, vårt argument for å kunne nytte desse data er at etterspurnaden på matvarer vil ikkje ha store forskjellar frå ein plass som Sogndal til ein plass som Tromsø.

Til utrekningane våre av betaverdiar, avkastningskrav og dermed lønnssemdutrekningane våre har me nytte data frå Oslo Børs, der me henta data frå ein periode på eit år for betautrekningane av Orkla.

All informasjon me har greidd å hente om investeringskostnadane kjem frå eit langvarig søk på internett der me kunn greidde å finne få data om prisar på dei forskjellige investeringsobjekta.

Grunnen til at me dessverre ikkje greidde å innhente meir korrekt informasjon frå forhandlarar av desse varene var at me kunn hadde ei case-oppgåve og ikkje ei reell bedrift, dette gjorde at dei seljarane me kontakta ikkje ville gi oss prisar eller komme med tilbod på sine varer til oss.

Til tross for dette fekk me sett opp ein oversikt over investeringskostnaden for eit lite gatekjøkken og arbeidet som må gå inn i klargjeringa av eit nytt lokale.

Arbeidstida som må leggest inn i lokalet og timeprisen på dette har me budsjettert ut frå informasjon me har fått frå tømrrar Ivar Eilif Refsdal som har jobba i byggebransjen i over 20 år.

Det må og nemnast her at alle timeprisar me har satt er inkludert moms, og gjelder for alt arbeid som omhandlar snikkararbeid, arbeid på elektriske system og røyrlegging.

Me har valt å bruke timeprisar og time tal sidan me ikkje har eit lokale me kan bruke til å få eit prisanslag for arbeid som trengs.

5. Presentasjon av data.

Ut frå all informasjon me har greidd å innhente har me funne at for å starte eit gatekjøkken må ein ha minst 659 569 kr for å skaffe det nødvendige utstyret, inventar og generelle oppstartskostnader for eit aksjeselskap, denne informasjonen treng me for å kunne sette opp kontantstraumen vår slik at me kan rekne ut avkastninga for å sjå om me når avkastningskravet.

Oppstartsutgifter:

Depositum (6x månadsleige)	90000
Kasseapparat	5000
Grillbenk (www.nbstorkkjokken.no)	28900
Oppvaskmaskin (Gastro Storkjøkken)	33419
Industriell fryser (113x183x216cm Turnor Impex)	39750
Frityrkokar (Genesis Data)	5000
Inventar	40000
Tallerknar, bestikk etc.	10000
Oppstartsavgift AS	30000
Arbeid på lokale ved innflytting: 300t x 750kr timen	225000
Montering av industrifrysar 30t x750kr timen	22500
Transport av innkjøpte anleggsmiddel	15000
ventilasjonsanlegg og ventilasjon/filter	35000
Materialkostnadar	80000

Sum:	659569
------	--------

Dei resterande data me har nytta i utrekningane våre ligg i vedlegga eller er lenkja i kjeldene, sidan me meiner det ikkje er naudsynt å ha med over tjue sider med rå-data frå statistisk sentralbyrå og Oslo børs.

6. Analyse

I dette Kapitlet tek me for oss analysen av data me har funne frå dei ulike kjeldene og utrekningane me må ha for å få den informasjonen som viser oss om oppstartinga av eit gatekjøkken i Sogndal er ein lønnsam ide.

6.1 Mikro Økonomi

6.1.1 Etterspurnad

Argumentasjonen vår for bruken av sekunderdata frå Statistisk Sentralbyrå til å framstille ein etterspurnadsfunksjon for rask-mat i marknaden Sogndal er som følgjer:

- Det gjømsnittlege konsumet av matvarer av denne typen for hushaldningar i Sogndal kommune er ikkje signifikant forskjellig frå det gjømsnittlege konsumet av denne vara i resten av Noreg.
- Prisutviklinga og prisen på matvarer og alkoholfrie drikkevarer i Sogndal er ikkje noko høgare eller lågare enn i resten av landet.
- Ein gjømsnittleg person i Sogndal har same kjøpekrafta som ein gjømsnittleg person busett i resten av landet.

x= kjøp av daglegkonsum				Data henta frå SSb.no			
p= prisar							
I = BNP							
År	X	P	I	LN X	LN P	LN I	
2000	88 763 000 000		100	2 422 501 000 000	25,20923573	4,605170186	1,527179620
